

Klubbhus og hangarar

Nye hangaren

Den nye hangaren er jo ikkje ny lenger. Den fyller 8 år til sommaren. Utruleg at det alt er så lenge sidan. Etter 8 års bruk har ting satt seg og dei fleste av oss kan vel sei at ting fungerer fortsatt fint. Fortsatt er portane lett påverkeleg av det klima som er rundt oss med store og langvarige nedbørsperiodar. Det gjer at portane i periodar kan vera litt tunge å få opp og igjen. Underteikna hadde ein runde i slutten på januar og justerte dei slik at ting gjekk lettare. Ellers så er det vel ikkje så mykje å beretta om hangaren innvendig. Når me byggde så blei det montert lys med lysstoffrør. Dette var det billigaste på markedet då. Alle ser vel at lyset ikkje er det beste og kanskje skulle vi lagt ein plan at vi over ein tidsperiode på nokre år fekk skifta til ledbelysning. Kanskje bør styret sjå om det er rom for litt utskifting kvart år framover.

Gamle hangaren

Det var planen at vi skulle fått malt denne i 2023, men det blei ikkje prioritert. Den må vaskast og malast i vår/sommar som kjem. Portane treng også litt vedlikehald som skal gjerast i samband med maling.

Klubbhus

Den største investeringen som blei gjort på bygningsmassane i 2023 var det som blei gjort på klubbhuset. Kledning blei skifta på vestveggen. Det var på høg tid at dette blei gjort då gammel kledning var dårleg. Ein god investering. Det er viktig for ein flyklubb å ha eit fint ansikt utad samtidig som det er viktig å holda orden innvendig i klubben. Vi hadde engasjert eit firma til å skifta kledning. Underteikna var også med. Maling blei gjort på dugnad. Takk til dei som bidrog. Ein del av vinuene på vestveggen er dårlege og må skiftast. Vi skal sjå om vi kan få tak i brukte vinduer på Finn og skifta desse på dugnad

Underteikna har blitt kjent med at nokre klubbmedlemmer meinte at det å skifta kledning var noko medlemmene kunne gjort for å spar penger. Jo kanskje det, men for å sleppa at dette kanskje kunne dra ut i tid, kompleksiteten av arbeidet og andre ting, gjorde at ein valgte å leiga inn firma slik at dette blei gjort over kort tid. Trur det var fornuftig.

Så kan vi sjå til våren og sommaren om vi då kan testa dugnadsviljen når vi skal gjer ein del malingsarbeid og diverse.

Innvendig i klubbhuset må vi snart få til ein oppgradering, f.eks med maling. Det treng ikkje kosta så mykje og det kan gjerast av medlemmene. Styret må leggja ein plan kva som skal gjerast og korleis vi skal gjer det. Å halda vedlike, gjer litt kvart år, er viktig

Ta kontakt med underteikna om du har lyst og anledning å hjelpa med det som skal gjerast i vår og sommar

Arild Flesjå